

Kinn kommune
Planavdelinga
E-post: post@kinn.kommune.no

Deres ref.:

Vår ref.:
2022213/03/jus

Florø
27.03.2022

Planinitiativ i samband med detaljreguleringsplan for Tenneskjeret, Kinn Kommune

I samband med privat forslag til utarbeiding av ny detaljreguleringsplan vert det fremma planinitiativ for planarbeidet, jf. plan- og bygningslova (Pbl) §12-8 og Forskrift om handsaming av privat forslag til detaljregulering etter Pbl (Handsamingsforskrifta).

Planområdet inngjekk opphaveleg i eit større planområde ved Naustholmen, men på grunnlag av behov for avklaringar for tiltak ved Naustholmen, og at det er naudsynt med ein raskare framdrift for å få på plass reguleringsplan for bunkringsanlegg for ammoniakk, vart det i samråd med kommunen avtala å dele planområde i to. Oppstartsmøte for denne del av planområde vart så gjennomført, med avtale med kommunen om å oversende oppdatert planinitiativ for detaljreguleringsplan ved Tenneskjeret. Gjeldande dokument er såleis oppdatert planinitiativ i samsvar med avtale med kommunen.

Tiltakshavar for detaljregulering er Fjord Base. Plankonsulent er iVest Consult AS.


Området ved Fjord Base blir i dag i hovudsak nytta for aktivitet knytt til petroleumsnæring. Ein føresetnad for drift på området er å kunne tilpasse seg marknaden som er i stadig endring og knyte til seg nye verksemder og nye typar næring, og det gjeld då å ligge i forkant av utviklinga. Dette gjeld då også spesielt med tanke på nasjonal og regionale mål for det «grøne skiftet», og utvikling av ny og meir berekraftig næring.

Med utgangspunkt i dette er det ønske om å tilrettelegge for etablering av flytande bunkringsanlegg for ammoniakk, innanfor etablert industriområde ved Tenneskjeret. Aktuelt areal ligg i hovudsak innanfor områdeplan for Florelandet Nord, men ein ser at det vil vere behov for noko tilrettelegging for tiltaket i plan som går ut over plangrenser for områdeplan, som t.d. areal for delar av bunkringsanlegget og innarbeiding av sikringssoner. Samstundes med utarbeiding av ny plan for området vil ein også inkludere ekstra areal i sjø som ligg i tilknytning til industriområde, for å legge til rette i forhold til dagens bruk og framtidige behov.

Nedanfor følgjer ei omtale av premissane for planarbeidet, i samsvar med Handsamingsforskrifta §1. Då planarbeidet er i ei tidleg startfase, er omtala ikkje på eit detaljert nivå, men er gjeve ut i frå det omfang vi antar at planarbeidet vil føre med seg. Utgreiing jfr. Handsamingforskrifta §1 andre ledd følgjer nedanfor.

a) Føremål med planen

Føremål med planen er å legge til rette for bunkringsstasjon for ammoniakk ved Tenneskjeret/delar av landareal som i dag ligg innanfor områdeplan for Florelandet nord. Vidare vil ein ta med sjøområde knytt til industri og tilkomst frå sjø, for å stadfeste dagens og framtidig bruk. Prinsipp frå eksisterande planar vil vidareførast der det ikkje er behov for endring i høve tilrettelegging for plantiltak.



Figur 1: Forslag til planavgrensing – Vist med gjeldande reguleringsplanar for området. (kommunekart.com)



Figur 2: Forslag til planavgrensing – Vist med ortofoto for området. (kommunekart.com)

b) Planområdet og eventuell verknad utanfor planområdet

Planområdet vil omfatte del av etablert industriområde ved Tennskjeret/Perholmen (del av område I1 i områdeplan), gbnr. 27/1249 og areal i sjø.

I gjeldande detaljreguleringsplan er landareal regulert til formål industri/næring. Areal i sjø er ikkje regulert, men ligg i tilknytning til etablert/regulert industriareal.

Det vil her vere aktuelt med etablering av flytande konstruksjonar i høve drift innanfor området. Areal i sjø er i dag nytta for ferdsel i samband med industriområda, og evt. etablering av flytande konstruksjonar skal ikkje kome i konflikt med ferdsel og tilgjenge, og vil vere i samsvar med drifta i området.

Innanfor planområde har ein også inkludert eit «restareal» frå eldre plan i aust.

Etablering av ammoniakkanlegg kan medføre fare i høve storulykkeforskrifta, der evt. behov for tryggleikssoner vil sikrast i plan i samsvar med krav. Etablering av dette vil vere etter løyve frå DSB evt. andre naudsynte mynde, der fare for liv og helse er vurdert.

c) Planlagde tiltak (veg, parkeringsplass og evt. andre tiltak)

Landareal er i dag regulert til formål industri/næring. Dette er tenkt vidareført, men med tilpassingar i høve plantiltak - bunkringsanlegg for ammoniakk. I sjøareal er det tenkt tilrettelagt for ferdsel/hamneområde, samt tilrettelegge for flytande konstruksjonar der dette vil vere aktuelt.

d) Utbyggingsvolum og byggehøgder

For bygg tenker ein å legge til rette for bygg opp til 20 meter, i samsvar med reguleringsendring som er i prosess for områdeplan Florelandet nord, del av område I1.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet

Areal på land er i dag regulert til formål industri/næring, ny plan legg til rette for vidareføring av dette samstundes som ein legg til rette for ny grøn teknologi. Areal i sjø er tilknytt dagens industriområde, der ein vil legge til rette for ferdsel/hamneområde knytt til industriområda, i tråd med dagens situasjon og framtidig drift. Delar av område vil bli tilrettelagt for evt. flytande konstruksjonar som det er behov for i høve drift for nye/eksisterande verksemder.


f) Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Vidareutvikling av eksisterande næringsområde, med noko auke i byggehøgde for området (frå 15 til 20 meter) vil ha noko visuelle konsekvensar, som vil bli vurdert i planarbeidet.

Område ligg i tilknytning til etablerte og regulerte industri/næringsområde, og vil såleis vere i tråd med gjeldande reguleringar av området.

g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar og pågåande planarbeid

Aktuelt område for ammoniakkanlegg ligg innanfor industriområde ved Perholmen, i *Områdeplan for Florelandet Nord*, ikrafttredelsesdato 28.01.2014. Planlagde tiltak er vurderte å falle inn under formål i gjeldande områdeplan, men med behov for noko tilrettelegging i høve t.d. sikringssoner.



Figur 3: Utsnitt gjeldande kommuneplan, <https://kommunekart.com/klient/kinn>



Figur 4: Gjeldande områdeplan/detaljreguleringsplanar i området (<https://kommunekart.com/klient/kinn>)

I aust ligg ein mindre del av sjøareal som eit restareal frå eldre reguleringsplanar som er vedtatt skal opphevast; *Botnaneset, Industriområde*, ikrafttredelsesdato 26.01.1981 (Plan ID: 19810102).

Sjøareal som ligg utanfor detaljreguleringsplan og områdeplan er i kommuneplanens arealdel 2017-2027 avsett til formål *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner*.

For områdeplan Florelandet nord er det for mindre delområde sett i gang arbeid med søknad om endring. Etter det vi kjenner til, pågår det vidare ikkje anna planarbeid i området.

h) Vesentlege interesser som kan verte berørt av planinitiativet:

Det er i området registrert gytefelt for torsk og tareskoførekomstar. Elles er det ingen registrerte viktige naturverdiar, kulturminne/kulturmiljø, friluftsområde eller landbruksinteresser i området (<https://www.fylkesatlas.no/>). Planområdet vil lokaliserast utanfor registrert farlei.

i) Korleis samfunnstryggleik er tenkt tatt ivare, mellom anna gjennom å forebygge risiko og sårbarhet:

Det er i samband med etablering av bunkringsanlegg for ammoniakk utarbeidd ROS-analyse etter pbl. Denne vil leggast til grunn i planarbeidet. Søknad til DSB skal vere godkjent før evt. etablering av eit slik anlegg innanfor området.

j) Kva berørte offentlege organer og andre interesserte vert varsla om planoppstart:

Aktuelle offentlege fagmynde vil vere; Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Kystverket, Fiskeridirektoratet, NVE, Florø Hamn, Kinn kommune (Teknisk, Brann og Beredskap, Folkehelse)

k) Prosessar for samarbeid og medverknad (fagmynde, grunneigarar/naboar/andre)

Det er tenkt at fagmynde, grunneigarar/naboar mf.l vert inviterte til å kome med innspel gjennom varsling av planoppstart (brev, avisannonse og kommunens og forslagsstillar sine nettsider)

l) Vurdering av om planen er omfatta av Forskrift om konsekvensutredningar, og korleis krava i tilfelle er tenkt ivareteke.

Tiltak er vurdert i høve vedlegg I, punkt.21) *Lagringsanlegg for olje eller petrokjemiske eller kjemiske produkter med en kapasitet på 200 000 tonn eller mer.* For bunkringsanlegg for ammoniakk vil lagertanken ha ein kapasitet på 1000m³. Den maksimale mengden farlig stoff (ammoniakk, NH₃) lagret ved anlegget er 650 tonn. Tiltak vert såleis vurdert å ikkje kome innanfor verkeområde, og det vert vurdert slik at planarbeid ikkje vil legge til rette for tiltak innanfor vedlegg I i KU-forskrifta. Planlagde tiltak vil også vere i samsvar med overordna plan. Planarbeidet vert difor vurdert til ikkje å falle inn under §6 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Planen gjeld tiltak etter plan- og bygningslova, og fell såleis heller ikkje inn under forskrifta §7.

Tiltak er vurdert å kunne fall inn under Vedlegg II, punkt 6 c) *Lagringsanlegg for olje, samt petrokjemiske og kjemiske produkter.* Plantiltak er derfor vidare vurdert i samsvar med §10, konsekvensar for miljø og samfunn:

Ledd 2, d. risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.

Området ligg som del av etablert industriområde der ein i dag finn lagringsanlegg/installasjoner for olje/petrologiske/kjemiske produkter.

For aktuelt tiltak med bunkringsanlegg for ammoniakk er det utarbeidd søknad til DSB, der det er utført kvantitativ risikoanalyse (QRA) for tiltak. Risikovurderingar opp mot storulykkesforskrifta blir såleis ivaretekt. Konklusjonar og vurderingar vil bli innarbeidd i plandokumenta.

Ledd 3, g. Vesentleg forureining eller klimagassutslipp

Tema forureining (støy, luft-, vass- og grunnforureining) inkl. vassmiljø vert vurdert som relevant. Tiltak er ikkje vurdert å skulle medføre særskilt støy og er lokalisert i eit industriområde med god avstand frå busetnad, det vert i tillegg i hovudsak lagt opp til sjø til sjø aktivitet.

Ammoniakk, NH₃, er en fargeløs tårefremkallende gass som er både giftig, etsende og skadelig for vannlevende organismer. Er ikkje på lista over prioriterte miljøgifter, og gjev ikkje krav om KU

Konklusjon: Risikovurdering og verknad for miljø og samfunn vert ivaretatt. Det er utarbeidd søknad til DSB der det er utført kvantitativ risikoanalyse (QRA) for tiltak av etablering av bunkringsanlegg for ammoniakk, og det er i tillegg utført ei eiga ROS-analyse etter pbl. for tiltaket. Risikovurderingar knytt til tiltak og fare for forureining blir såleis ivaretatt gjennom andre lovverk og oppfølging av DSB. Konklusjonar og vurderingar i samband med dette vil vere viktige moment i planarbeidet og vil bli innarbeidd i plandokumenta. Planarbeid er på grunnlag av dette vurdert å ikkje utløyse krav om KU.

Med vennleg helsing
for iVest Consult as

Juanita Sekkingstad

Juanita Sekkingstad
Arealplanleggar
Tlf. 960 18 986
E-post: jus@investconsult.no

Kopi: Fjord Base v/Jan Erik Bjerck